



Illustrasjonsfoto Foto: Bent Are Iversen

## Mor slo og sparka sonen

Dømd til fire måneders fengsel for vald mot tiåring.

Publisert 15.11.2010 kl 13:47 Oppdatert 15.11.2010 kl 15:37

Ei kvinne i slutten av 20-åra frå Sunnfjord er i Fjordane tingrett dømd til fire måneders fengsel og oppreisingserstatning på 40.000 kroner etter å ha slått og sparka sin ti år gamle son.

Episoden fann stad våren 2010 i heimen deira. Mora gjekk til åtak på guten, då ho oppdaga at han hadde gløymt igjen mobiltelefon og Nintendo på skulen.

### Fekk blåmerke

Kvinna slo og sparka sonen i ansiktet og på kroppen, og stoppa ikkje før ektemannen kom til og heldt henne fast.

Guten fekk blåmerke etter slaga, men forledra bad han om å fortelle at han hadde ramla på sykkelen dersom nokon lurte på kvar blåmerka kom frå.

### Erkjente straffeskuld

Sonen fortalte om kva som hadde skjedd til ein klassekamerat. Vedkommande varsla læraren, og barnevernte og politiet var deretter informert om saka.

Kvinna har erkjent straffeskuld, og forklarte i retten at ho slo guten to ganger i ansiktet med knyttta neve og sparka han to gonger på kroppen mens han låg nede.

Guten har i dommaravhøyr forklart at mora slo han to ganger med knyttta neve, ein gong på auget og ein gong på låret, og at han opplevde slaga som veldig harde.

Ektemannen har forklart at han var i rommet ved sida av då angrepet starta. Han kom til då han hørde eit klask, og såg kvinna slå guten på kinnet før han greip inn.

### Skadepotensial og relasjon

På bakgrunn av vitneutsegnene finn retten det prova ut over einkvar rimeleg og fornuftig tvil at kvinna slo og sparka guten fleire gonger i ansiktet og på kroppen.

Retten har i straffeskjerpande retning lagt vekt på at valdsutøvinga skjedde mot eit forsvarslaust barn i heimen, at valden var grov og at mora ikkje trøysta sonen etter hendinga.

Retten har også lagt vekt på skadepotensialet valdshandlinga hadde, og finn det også skjerpande at kvinna fleire gonger tidlegare har slått sonen.

Det vert også peika på at dei somatiske og psykiske konsekvensane lett kan bli omfattande og langvarige, når valdsutøvinga vert gjort av ein person som i utgangspunktet skal gje barnet naudsynt tryggleik og omsorg.

### Har også slått mannen

Kvinna var også tiltalt for å ha slått ektemannen i ansiktet mens dottera såg på. Denne episoden fann stad hausten 2008.

Retten ser mest alvorleg på valdsbruken mot sonen, men presiserer at valden mot ektemannen også kvalifiserer til fengselsstraff.

**Tilbod til nye abonnentar!** Få Firda fram til påske for berre kr 37,- pr. veke!

**Les mer og bestill!**

*Innholdet i utskriften er vernet etter åndsverklovens regler.  
Utskriften er kun til privat bruk og kan ikke benyttes på annen måte.  
Kopiering eller spredning av innholdet krever avtale med rettighetshaver eller Kopinor.*

